

Ny asfalt kjem i veke 24

24.05.2011



Rekkverket ved Djupehølen er snart ferdig.

**Mange ventar med lengsel etter nytt asfaltdekke på fylkesvegen frå Kapteinsgården til Haugland og Opedal & Sønner kunne i dag opplysa at asfalten kjem i veke 24, altså i siste halvdel av juni.**

**No om dagen er både Opedal og Mesta, som har tevla hardt om vegentreprisar i området, i arbeid på vegen på Døsslandssido.**

Mesta er i gang med å setta opp gjerde langs vegen forbi det svake punktet ved Djupehølen der det har kome ein solid mur og arbeidsgjengen reknar med at både muren og gjerdet no er så solid at dei står for ein støyt,

Men i januar vart det avslørt eit anna svakt punkt langs vegen - det var der Skiftesbekken kryssar. I samband med ras gjekk bekken tett og store vatnmassar fløynde over.

I morgon tidleg startar arbeidet med å legge røyr med ein heilt annan og større kapasitet og så blir også det problemet løyst. Denne jobben er det Opedal som har ansvaret for.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Skiftesbekken får solide røyr